



Jettegryte

(Foto: Bård Svardal)

## Naturkreftene er mange og sterke. I Eitrejuvet ser ein flotte formasjonar forma av vatnet gjennom mange hundre år.

Turen startar ved Bergsjøstølen eller Eitrestølen. Følg DNT- merka løype ca. 6 km frå Bergsjøstølen til Eitrestølen. Denne delen går i høgjellsterrang med lett stigning. Frå Eitrestølen følgjer du liten stig opp langs venstre side elva Eitra. Ved inngangen til sjølve juvet, på høgre side av Eitra, kan du sjå hola til Eivind Fredlaus. Følg same veg tilbake.

Du kan også køyre bil til Reine og vidare til Eitrestølen derifrå.

Sjå også turen til Eivind Fredlaus si steinbu.

Ein krangel om eigedomsrett i utmarka i 1719 enda med at Eivind Gudbrandsgard knivstakk Ola Øylien så han døydde. Eivind rømde til fjells og levde som fredlaus og ettersøkt i fjella mellom Hallingdal og Indre Sogn i mange år. Han fekk hjelp av slektningar i Leveld og han fekk hjelp i Lærdal. Den fyrste vinteren budde han i ein jordkjellar på Mo i Lærdal. Seinare bygde han fleire krypinn og små steinbuer som vi kan sjå restar etter, mellom anna i Eivindbotn inne i lungsdalen. I 1737 vart han funnen død i Toviken. Etter segna vart han skoten av ein lærdøl.



Ei av Eivind Fredlaus sine holer.

(Foto: Bård Svardal)



Følg fylkesveg 244, gjennom Vats og vidare opp på fjellet. Skilta til Bergsjøstølen.



Parkering på Bergsjøstølen (avgift).



15-18 km i høgjellsterrang frå Bergsjøstølen.



Ei av holene til Eivind Fredlaus. Jettegryte.



Fin stig for alle, men merk at du må krysse elva to gonger.

**For meir detaljert kart:**  
*Reineskarvet 1:50 000*